

SAKSPROTOKOLL

HANDSAMING I FORMANNSKAPET 08.03.2017:

Representanten Øystein Flakke ber om at det vert gjennomført ei øving opp mot Rødne sin hurtigbåt.

Representanten Arne Leite ba om at det vart gjort ei nærare utgreiing knytt til vassberedskap. Det vart i møte vist til at dette i så tilfelle bør venta litt på det pågåande arbeidet med hovudplan for VA.

Formannskapet gjer framlegg om følgjande tillegg:

«Kommunestyre ber om at tabell under 10.1 vert gjennomgått og tidfesta og lagt fram i eiga saka innan juni 2017.

Det vert vidare bede om at det vert gjort ei nærare utgreiing knytt til vasstryggleik, i oppfølging av arbeidet med hovudplan.

Kommunestyre ber vidare om at det vert planlagt ei felles øving for ulykker på sjø i samarbeid med Rødne.»

Formannskapet slutta seg samrøystes til ovanstaande tillegg til rådmannen si innstilling, det ligg då føre slikt framlegg:

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 08.03.2017:

Revidert analyse av risiko- og sårbare tilhøve i Tysnes kommune vert godkjent slik den ligg føre.

Kommunestyre ber om at tabell under 10.1 vert gjennomgått og tidfesta og lagt fram i eiga saka innan juni 2017.

Det vert vidare bede om at det vert gjort ei nærare utgreiing knytt til vasstryggleik, i oppfølging av arbeidet med hovudplan.

Kommunestyre ber vidare om at det vert planlagt ei felles øving for ulykker på sjø i samarbeid med Rødne.